



«MOTTAKERNAVN»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«ADRESSE»

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Høyring av verneframlegget for Stad marine verneområde

Statsforvaltaren i Vestland sender på høyring eit framlegg til Stad marine verneområde i medhald av § 39 i naturmangfaldlova. Forslaget om marint vern på Stad er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar. Området er utvida på sørsida av Stad etter oppstartmeldinga, samstundes som det er opna for taretråling på nordsida aust for Stålet. Vi ønskjer innspel på høyingsframlegget.

Arbeidet er gjennomført i tråd med §§ 41 og 42 i naturmangfaldlova og kapittel VII i forvaltingslova. I den nyleg framlagde stortingsmelding nr 29 (2020–2021) *Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur* vart det presisert at marin verneplan frå 2004 skal halde fram. Av dei 36 kandidatområda i den marine verneplanen, var det per 2022 16 område verna etter naturmangfaldlova og 3 beskytta etter havressurslova. Det utgjer 1081 km², eller 0,7 % av territorialfarvatnet i landet.

Høyningsfristen for å kome med fråsegn til verneframlegget er sett til **15. april 2022**.

Arbeidet er gjennomført etter oppdragsbrev frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet av 18. april 2017, som gav Fylkesmannen i oppdrag å gjennomføre ein verneplanprosess for Dalsfjorden og Stad som marine verneområde. I eit brev av 3. november 2017 sende Fylkesmannen i Sogn og Fjordane oppstartmelding for arbeidet med marint vern for Stad. Fylkesmannen hadde eit møte med Selje kommune 6. desember 2017, og eit ope møte på Leikanger i Selje kommune om kvelden same dag. Fylkesmannen hadde eit møte med Selje kommune og Fiskeridirektoratet 4. juni 2019. På møtet vart ein samde om å halde ei synfaring med lokale representantar, fiskenæringa og taretrålnæringa. Synfaringa vart halden 11. september 2019. Statsforvaltaren hadde nyleg møte med representantar frå Stad kommune datert 3. juni 2021 og sist med Kinn kommune den 14. september 2021.



Frå 1. januar 2019 gjekk Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i lag med Fylkesmannen i Hordaland og vart Fylkesmannen i Vestland. Frå 1. januar 2020 gjekk Selje kommune inn i Stad kommune i lag med Eid. Frå 1. januar 2020 slo Vågsøy kommune og Flora kommune seg i lag og danna Kinn kommune. Frå 1. januar 2021 vart Fylkesmannen i Vestland til Statsforvaltaren i Vestland.



Figur 1: Utsyn frå Ytre Honningsvågen mot Vestkapp i det som er kandidatområde for marint vern på Stad. Området er representativt for dei vêrhårde kystområda i landet og er rikt på naturmangfald. Foto: Maria Knagenhjelm

Juridisk grunnlag

Marine verneområde vert oppretta i medhald av § 39 i naturmangfaldlova:

«§ 39 (marine verneområder)

Det kan opprettes verneområder i sjø for å beskytte marine verneverdier, herunder naturverdier som er økologiske betingelser for landlevende arter.

Som marine verneområder kan vernes områder som

- a) inneholder særegne eller representative økosystemer og som er uten tyngre naturinngrep,*
- b) inneholder truet, sjeldent eller sårbar natur,*
- c) representerer en bestemt type natur,*
- d) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*



- e) utgjør en spesiell geologisk forekomst,
- f) har særskilt naturvitenskapelig verdi, eller
 - g) har særskilt betydning som økologisk funksjonsområde for en eller flere nærmere bestemte arter.

Verneområder i sjø kan opprettes for å oppfylle ett eller flere av målene i § 33 første ledd.

Verneområdet i sjø må angi om verneformålet og restriksjoner gjelder bunn, vannsøyle, overflate eller en kombinasjon av disse. For øvrig gjelder §§ 33, 34 og §§ 40 til 51 tilsvarende så langt de passer.

I et verneområde i sjø må ingen foreta seg noe som forringjer verneverdiene angitt i verneformålet. Et verneområde i sjø kan vernes mot all virksomhet, forurensning, tiltak og bruk, med de begrensninger som følger av folkeretten. Restriksjoner på aktivitet skal stå i forhold til verneformålet.

Høsting og annen utnytting av viltlevende marine ressurser reguleres etter havressurslova innenfor rammene av verneforskriften.

Marine områder der beskyttelsen kun består av nærmere bestemte regler om utøving av fiske, fastsettes etter havressurslova.»

Verneverdiar og verneføremål

Kandidatområdet kring Stad omfattar areal i Stad og Kinn kommunar, og området er ein god representant for dei ekstremt eksponerte delane av kysten. Planområdet er om lag 166,7 km² stort. Farvatnet er delvis grunt, og har særeigne bølgjetilhøve på noko av den mest vêrharde kysten i Noreg. Det er nokre (undervass-) skjer i området, elles er farvatnet reint med ein sjøbotn som skrânar langsamt utover frå land. Kandidatområdet utgjer den inste delen av kontinentalsokkelen kring Stad, der dei mest landnære areala har ei djupne < 50 meter, og ytst mot storhavet er djupna kring 200 meter. Sør for Stadlandet inkluderer høyningsframlegget ei aust-vestleg djupvassrenne frå Djupeskallen og inn på nordsida av Sildgapet. Dei sentrale delane av renna er ned mot 300 meter djup. Langs nordsida av renna er det ei bratt skrânning og på sôrsida av renna er det mange små rygger og åsar.

Området kring Stad inneheld også førekommstar av sokne torvmyrar. Dette er eit element som er spesielt og sjeldsynt i Noreg, sidan dette er eit av dei få kystavsnitta der havet har trengt inn over land etter den siste istida.

Det er nokre naturreservat tilgrensande området. Det gjeld Tungevåg våtmarksreservat (Kgl.res. 20.12.1991, 0,615 km², 0,614 km² sjø), Høgfjellet sjøfuglreservat (Kgl.res. 28.5.1993, 0,39 km², 0,11 km² sjø) og Dekkjene myrreservat (Kgl.res. 18.6.2004, 4,547 km²).

Dalsbøvassdraget som er verna mot kraftutbygging, munnar ut i kandidatområdet i Ervik.

Føremålet med vern av området er å ta vare på eit representativt havområde på den ytre, eksponerte kysten, frå land til ope hav. Verneverdiene i eit slikt område er knytt til botnen og botnorganismane, og den store spennvidda i djupnettilhøve, botntilhøve og



eksponeringsgrad, som til saman gjev stor spennvidde i plante- og dyreliv. Verneverdiane er knytt til mangfaldet av undersjøiske naturtypar i dette sterkt eksponerte kystområdet på den inste delen av kontinentalsokkelen.

Fire biologiske kartleggingsrapportar har vore produsert i samband med verneplanprosessen. Disse ligg lett tilgjengeleg på våre heimesider. Rådgivende Biologer (RB) har gjennomført dei fire rapportane. Den første rapporten (rapport nr 2846, [Todt og Eilertsen 2018](#)) skildrar naturmangfaldet generelt ut i frå videomateriale frå Norges geologiske undersøkelse (NGU). RB gjennomførte også undersøkingar i felt, som munna ut i ein eiga rapport om grunne område ([rapport nr 2847, Eilertsen og Olsen 2019](#)). Kartlegging nr tre ([rapport nr 2992, Eilertsen og Olsen 2019](#)) vart utført på sørsida av Stad, i området som Selje kommune, m.fl. kom med framlegg på å utvide i verneplanprosessen. På bakgrunn av observasjonar av dei raudlista artane glaskorall og sjøtre frå den biologiske kartlegginga i 2018 fekk vi utført ei tilleggskartlegging av korallar sommaren 2021. I rapporten ([rapport nr 3464, Todt og Tverberg 2021](#)) vart 25 transekter i ytre, sentrale og indre delar av Sildegapet filma med hjelp av eit undervasskamera (ROV) og skildra.

Samandrag frå rapportane i kronologisk rekjkjefølgje. Les alle rapportane på våre heimesider.

Videomaterialet frå NGU visar at det er særslig ulike typar botntilhøve i ytre delar av Stadlandet, med mykje innslag av blandingsbotn, skjelsandbotn og sandbotn. Det var også ein del hardbotn, ofte som store steinblokker og berg, samt også fjellbotn med tett tareskog i grunnare område. Eit relativt rikt dyreliv vart registrert i området med blandingsbotn eller der det var innslag av hardt substrat. Til dømes ulike artar svamp, sjøpungar, mosdyr, hydroider, nesledyr og børstemakk. Mindre artsmangfald av makrofauna vart registrert der det var rein sedimentbotn. Artar var stort sett vanleg førekommande, men to raudlista artar (glaskorall og sjøtre) førekomm i eit av dei tilsynelatande djupaste transekta (videofil V1511011). Glaskorall (*Lophelia pertusa*) og sjøtre (*Paragorgia arborea*) er raudlista i kategori nær trua (NT). Førekomst av desse artane, samt korallgrus indikerer at det kan vere meir korallar i området, spesielt på bratt fjellskråning på større djupner. Det vart ikkje avgrensa viktige naturtypar basert på videomaterialet.

Langs heile strekninga av Furuneset-Lunden er det ned til 25-20 meters djupne registrert den viktige naturtypen større tareførekomstar av stortare (I01). Stortare vaks ned til maksimalt 32 m djupne, men då som enkeltindivid eller spreidde førekommstar. Basert på ROV kartlegging og botnkart utarbeida av NGU er større tareskogsførekomstar vurdert å vere omrent samanhengande langs heile kysten av Stadlandet forutan grunne og kjende blautbotnsområde og sandbankar ved til dømes Ervika, Hoddevika, Honningsvågen og Tungevågen. Tareskogsførekomstane for strekninga Furuneset-Lunden er avgrensa til 5429 daa, men vurderast å henge saman med avgrensa tareskog (14331 daa) for føreslått verneområde. Til saman utgjer dette 19760 daa og naturtypelokaliteten vurderast som svært viktig (A-verdi) grunna samanhengande areal > 500 daa i høve til DN handbok 19. Noko ulik aldersfordeling på tareskogen vart registrert på transekten inne ved Furestranda (T7) og Dragsvika (T9), og tareskogen bar preg av å ha blitt trålt. Eit rikt dyre- og algeliv vart registrert i tareskogen og studiar har vist at over 100.000 organismar kan finnast på ein enkelt tarestilk. Stortareskog er eit



svært produktivt og viktig økosystem som dannar livsgrunnlaget for ei mengde marine organismar.

Generelt ble det observert en rik makrofauna både på bløtbunn, blandingsbunn med stein og på fjellskråninger. Av koraller ble det registrert hornkorallene sjøtre, sjøbusk og risengrynskorall, bløtkorallen kjøttkorall og steinkorallen øyekorall [namnet glasskorall er nytta i ein annan rapport, augekorall er også eit rett namn på arten som på latin heiter *Lophelia pertusa*]. De viktigste korallforekomstene ble funnet i ytre og sentrale deler av undersøkelsesområdet, på den sørlige skråningen av den dype rennen sør for Stadlandet, det vil si på vest- og nordsiden av Djupeskallen, på vest- og nordsiden av ryggen som ligg midt i rennen, samt på den sørlige skråningen av den noe grunnere rennen sør for Djupeskallen og ryggen. Her ble det registrert hornkorallskog med enten sjøtre eller risengrynskorall som dominerende art. Sjøtre, som ifølge Norsk rødliste av arter er klassifisert som nært truet (NT), forekom som enkelte kolonier eller i små grupper også i dypere deler av den nordlige skråningen av den dype rennen. Kjøttkorall (NT) ble funnet på to steder på foten av den nordlige skråningen. Øyekorall (NT) ble registrert i et lite område i rennen sørøst for Djupeskallen. I indre deler av undersøkelsesområdet var det ingen større korallforekomster, men det var relativt tette forekomster av sjøfjær-arten stor piperenser.



Figur 2: Stora Skog er ein naturtype som dekkjer store delar av kandidatområdet for marint vern på Stad. Førekommstane rundt Stad blir vurdert som svært viktig (A-verdi). Studiar har vist at det kan leve over 100 000 organismar på ein enkelt tarestilk, og tareskogen er oppvekst- og leveområde til eit stort tal marine artar. Foto: Espen Rekdal (biletet er ikkje frå Stad).



Statsforvaltaren vil peike på at noko av det særmerkte ved det marine verneområdet kring Stad er den omfattande stortareskogen, eit uvanleg produktivt og viktig økosystem som gjev livsgrunnlag for svært mange marine organismar. Stortare er også ein organisme som er svært effektiv til å lagre CO₂. Sør for Stadlandet er det registrert flokkar på nokre hundre mytande ærfugl, noko som syner verdien tareskogen også har for fugl.

[Verneforskrift og grenser](#)

Ved oppretting av eit marint verneområde vert det utarbeidd ei verneforskrift som seier kva for restriksjonar som vert lagde i området (vedlegg 2). Eit marint verneområde vil ikkje legge restriksjonar på ferdsel.

Opprettning av eit marint verneområde inneber at det vert forbod mot tiltak som kan skade verneverdiane. Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine plantar, og dyrelivet i sjø blir verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon og utsetting av organismar blir forbode.

Eigedomstilhøva vert ikkje endra ved opprettning av marine verneområde, og i all hovudsak blir ikkje private eigedommar påverka. Hovudregelen er at eigarar av grunn ned til strandlinja har eigedomsrett ut i sjøen til marbakken eller – viss det ikkje er ei tydeleg marebakke – til to meters djupne med middels låg vasstand (normal fjøre). Grensa mot land går difor langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der det marine verneområdet grensar til naturreservat på land, der også landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) er inkludert.

Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotn. Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på til saman 166,7 km² i Stad og Kinn kommunar (vedlegg 1).

Staten er eigar for alt som er nedanfor 2 meters djupne frå sjøkartnull. Strandeigarar kan likevel ha visse tinglyste rettar til å utnytte sjøareal utanfor eigedomsgrensa. Verneforslaget blir sendt på høyring til grunneigarar innanfor vernegrensa.

[Endringar i areal og forskrift sidan oppstarten](#)

I oppstartsmeldinga bad dåverande Fylkesmannen om innspel på eit areal med storleik på 114 km². Statsforvaltaren går no i høyningsframlegget inn for å utvide det marine verneområdet i sør samanlikna med den opphavlege avgrensinga i oppstartmeldinga, både grunna verdifulle stortareskogar og grunna raudlista korallførekomstar. Arealet teljar no 166,7 km². Utvidinga for å inkludere stortareskogane er i tråd med framlegg frå Selje kommune og fleire andre lokale høyningspartar etter oppstartsfasen av vernegressessen.

Den ytterlegare utvidinga grunna korallar har vore orientert om i møte med Stad kommune, og kommunen har gitt positive signal om å høyre ei grense trekt lenger sør i Sildegapet. Vi går samstundes inn for ei noko mildare forskrift aust for Stålet, der vi opnar opp for taretråling.



Sidan oppstarten har også areal i Kinn kommune blitt ein del av framlegget til geografisk avgrensing. Vi vurderer at vernearealet i Kinn vil få små konsekvensar for næringsaktivitet i dag og i overskodeleg framtid. Høyningsperioden vil få fram om det er meir bruk eller planlagt bruk av området enn vi har kunnskap om.

I framlegget til verneforskrift har vi no lagt inn alle gards- og bruksnummer som grenser til verneområdet. Der dei eksisterande verneområda Høgfjellet og Dekkjene naturreservat møter kandidatområdet for marint vern vil vernegrensene være samanfallande. Det gjeld disse eigedommane i Stad kommune:

235/31, 245/1, 245/2, 245/3, 245/4, 245/5, 245/6, 245/7, 245/8, 245/9, 245/10, 245/11, 245/12, 245/13, 245/14, 245/15, 245/16, 245/18, 245/19, 245/20, 245/22.

Vi har gjort mindre endringar rundt fiskerihamnene i Ervik og Eltvik, og trekt vernegrensa utanom moloar og anna infrastruktur langs land i Honningsvågen, Hoddevik, Ytre Drage, Indre Fure, Skorbøen og Køyla. Dette har vi gjort fordi vi vurderer at det ikkje går på akkord med viktige verneverdiar.

Endringar i verneforskrift

Verneforskrifta har blitt endra sidan oppstarten. Den har fått tydelegare formuleringar og presiseringar på fleire punkt. Verneføremålet har fått inkludert ei formulering om at området også skal tene som referanseområde for å studere effektar av tarehausting.

Vi har spissa formuleringa i siste avsnitt, § 1, om at verneføremålet knyter seg til sjøbotn. Tidlegare låg omgrepet vassøyla også inne i det avsnittet. Vassøyla blir vanlegvis ikkje inkludert i område med stor vassutskifting, slik som Stad.

Eldre formuleringar, som til dømes at verneforskrifta med kart blir oppbevart i kommunen, hos Statsforvaltaren, med fleire, er sletta fordi karta er digitalt tilgjengeleg for alle.

Under § 3 c har vi lagt til ei formulering (sjå det som er i kursiv) Området er verna mot tiltak som kan skade verneverdiene som t.d. (...) *utslepp av ureinsa ballastvatn*. Dette er i tråd med liknande formulering henta frå Miljødirektoratet si tilråding til vern av Lophavet.

Under § 4 om generelle unntak frå vernereglane, er gjennomføring av tiltak i samband med *oljevern* lagt til i punkt a.

To nye opningar er lagt til forskrifta sidan oppstarten (sjå det som er i kursiv) i § 4 (Generelle unntak frå vernereglane) Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for: c. Hausting av viltlevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og andre lover og forskrifter, med unntak for: I. Hausting av stortare sør for Stad og vest for Stålet, *likevel slik at sinking av tang og tare ned til lågaste flomål for rettshavarar eller til undervisning er tillate* II. *Fiske med aktive fiskerekiskap som slepast og røyrer botn, likevel slik at bruk av snurrevad er lov.*

I § 4 b er formuleringa *Fortøyning av småbåt, og anlegg av fastfortøyning, dragfortøyning og oppankring mot land. Fortøyingsmiddel på faste fortøyningar må være i stein eller anna materiale*



som ikkje forureinar byta ut med følgjande formulering: *Anlegg av mindre fortøyingsfeste for småbåt, medrekna fastfortøyning og dragfortøyning. Fortøyingsmiddel på faste fortøyningar må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar.* Sjå kapittelet Brukarinteresser for kva vi meiner med «småbåt».

I § 4 d er endra frå formuleringa *Bruk av registrerte kaste- og låsesettingsplassar til ny* formulering *Tradisjonell låssetjing av fisk.* Vi legg til grunn at mellombels lagring av notfanga villfisk i små mengder og over korte tidsperiodar ikkje inneberer nemneverdig påverknad på sjøbotn og vassmassane. Vi har også endra formuleringa i punkt j frå *båthus til naust,* i meir samsvar med omgrepsbruken i fylket.

I § 5 låg det i tidlegare utkast til verneforskrift inne ein heimel for dispensasjon etter søknad til mindre uttak av sand til eige bruk for tilgrensande grunneigarar. Den har vi stroke fordi vernegrensa går to meter under sjøkartnull, og mindre uttak til privat bruk då eventuelt ligg utanfor den foreslegne avgrensinga.

Tidlegare i prosessen var det eitt punkt i verneforskrifta for dispensasjon etter søknad (§ 5) for l) *fangstbasert akvakultur* og m) *Levandelagring av fisk* mens dei to punkta er samanslegne og formulert slik, jf. malen til Miljødirektoratet: § 5 l) *Levandelagring av villfanga fisk inntil 12 veker.* Dersom det blir lagra meir enn 12 veker blir det juridisk sett definert som akvakultur, som må bli handsama etter ein annan heimel (§ 5 k).

Det er lagt til eit nytt punkt i § 5 k om at det er mogeleg å søkje om dispensasjon frå verneforskrifta for *Akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet.* Sjå meir omtale av dette temaet mfl. i kapittelet om Brukarinteresser.

Planstatus

Det er i dag tre eksisterande verneområde på Stad-halvøya. Naturreservata Tungevåg, Dekkjene og Høgfjellet ligg tilgrensande kandidatområdet for marint vern. I tillegg har Stadlandet eit større område på 45 000 dekar med status som Utvalt kulturlandskap (UKL) som også grenser til det marine vernet. Selje kommune tok opp i oppstartsfasen av verneplanen at kommunen ønskjer å sjå heilskapen av verdifulle natur- og kulturområde, både på land og til havs.



Figur 3: Kart over eksisterande verneområda Tungevåg, Dekkjene og Høgfjell (skravert i rosa) og Utvalt kulturlandskap (oransje). Kartutsnitt fra www.fylkesatlas.no

Det føreslegne området for marint vern ligg i all hovudsak i tidlegare Selje kommune. Arealdelen til kommuneplanen for Selje vart vedteken i 2018, og gjeld inntil ny arealplan for Stad kommune kjem på plass. Stad kommune er i gang med å utarbeide ein kommunedelplan for sjøarealet i heile den nye kommunen. Kommunedelplanen har vore ute til andre gangs offentleg ettersyn. Planen har to hovedtema; nye område til akvakultur og plassering av massar frå kommande Stad skipstunell til ulike næringsføremål og hamnar. Kunnskapsgrunnlaget for marin verneplan er med i kunnskapsgrunnlaget for konsekvensutgreiinga.

Kommunen gjekk breitt ut i den første høyringa, og hadde med mange arealbruksområde som var rådde frå i konsekvensutgreiinga, og fleire område for massedeponering og



akvakultur enn det kommunen ser som realistisk å ha med i planen. Kommunen gjorde ei siling av område før ny andre gangs offentleg høyring. Statsforvaltaren har hatt arbeidsmøte om planen med kommunen, andre aktuelle statsetatar og fylkeskommunen. Kommunen gav utsett medverknad til ei ny utgåve av planen kjem på høyring.

Sjøarealet inst i Hoddevika og Ervika er avsett i kommuneplanen til *Bevaring naturmiljø*, *Hensyn landskap* og til *Hensyn friluftsliv*. Også grunne område i Årvika og Drage er avsett til arealformål *Friluftsliv*. Køyla er avsett til *Hensyn landskap*. Fure er avsett til *Bevaring naturmiljø* og *Hensyn landskap*. Rundt det meste av Stadlandet ligg arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone* (figur 4).



Figur 4 Område avsett i eksisterande arealplan i Stad med arealføremål Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Kartutsnitt fra www.fylkesatlas.no

Arealet som ligg til gamle Vågsøy kommune (no Kinn kommune) er ikkje dekt av kommuneplanen.

Fylkeskommunen i dåverande Sogn og Fjordane vedtok ein regional strategisk plan for kysten, gjeldande frå 2018.



Konsekvensar av vernet

Av dei aktørane som bruker området i dag er det taretrålingsnæringa som vil få innskrenka sin aktivitet vest for Stålet og sør for Stad. Negative konsekvensane for andre interesser vil ikkje være nemneverdige ut i frå innspela i oppstartsfasen og vår kunnskap om bruken av området i dag. Vi treng innspel i høyringa på omfanget av reketråling i området. Slik vil vi kunne vurdere kva forbodet mot fiskereiskap som blir slept og eller røyrer botn vil føre til av konsekvensar på denne næringa. Vi har ikkje klart å fange opp planlagt framtidig bruk av området som vi meiner vil kunne være i konflikt med eit marint verneområde.

Nedanfor er ei tematisk oppsummering av brukarinteressene, både dagens bruk og planlagt bruk, i kandidatområdet. Høyringsperioden vil kunne få fram fleire interesser som Statsforvaltaren til no ikkje har fanga opp.

Friluftsliv og reiseliv

Det er mange turistbedrifter og næringar som får inntekt frå tilreisande på og kring Stad. Både overnattingsverksemder (hotell, camping og AirBnB), butikkar og serveringsstader, surfecamp med utleige og kurs, båtutleige til fritidsfiskarar, med fleire får allereie i dag gode inntekter frå turistar. Med gode bølgjeforhald i Ervika og i Hoddevika har Stad blitt eit eldorado for surfeentusiastar, og fleire verksemder har si næring i surferelatert overnatting, kursing og utleige. Verneframlegget kan bidra til ein positiv effekt for turistbedrifter på Stad. Generelt aukar ofte turismen til område rundt store naturvernombområde, sidan eit vern indikerer at det kan vere flotte naturopplevelingar der.

Friluftsliv med fiske, dykking og surfing kan fortsetje som før, heilt uavhengig av eit marint vern. Det blir ikkje lagt opp til restriksjonar på fritidsfiske, verken frå land eller frå båt. Det vil heller ikkje bli restriksjonar på ferdsel med båt. Verneforskrifta opnar for anlegg av mindre fortøyingsfeste for småbåt, herunder fastfortøyning og dragfortøyning. I [småbåtloven](#) er "småbåt" definert i § 1 nr. 1 som *enhver flytende innretning som er beregnet på og i stand til å bevege seg på vann, og som har en største lengde på inntil 15 meter*. Fortøyingsmiddel på faste fortøyinger må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lover og forskrifter er lov.

Verneforskrifta opnar opp for dispensasjon frå vernereglane for tilretteleggingstiltak for friluftsliv. Her må forvalningsstyresmakta vurdere kvar søknad konkret og sjå om vilkåra for dispensasjon er oppfylt. Vi har ikkje fått innspel om konkrete planar.

I innspelsmøtet for kommunedelplanen for sjøareal i Stad kommune vart det presentert ein ide frå lokale krefter om å bruke steinmassar frå Stad skipstunnel for å lage eit kunstig rev for surfing, dykking, fiske, m.m. i Hoddevika. Det er i dag ikkje konkrete planar om bygging av eit slikt rev. Dette vil være forbode innanfor dagens forslag til verneforskrift.



Figur 5 Generelt aukar ofte turismen til område rundt store naturvernområde, sidan eit vern indikerer at det kan vere flotte naturopplevingar der. Friluftsliv med fiske, dykking og surfing kan fortsetje som før, heilt uavhengig av eit marint vern. Foto: Maria Knagenhjelm

Tekniske installasjonar

Det er ikkje mange eksisterande tekniske installasjonar i kandidatområdet for marint vern på Stad. Vi har trekt vernegrensa utanom moloar og fiskerihamner av omsyn til aktiviteten som går føre der i dag og fordi vi ikkje ser sterke naturfaglege grunner til å inkludere disse kaiene inn i verneområdet. Dette har vi gjort i tråd med innspel frå mellom andre Kystverket til oppstartsmeldinga.

Det er fleire stakar på skvalpeskjær, samt større navigasjonsinstallasjonar som eit lyktelehus på søyle på Buholmen, ei lysbøyle med namn Gamla lysbøylen i Sildegapet og ei lanterne på stang med namn Strandaflua ved innseginga til Honningsvågen i kandidatområdet. Det er andre navigasjonsinstallasjonar på land. Disse vil kunne bli drifta og haldast ved likesom tidlegare. Det er også opning for å kunne søkje om dispensasjon til oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleistiltak for å trygge ferdsla til sjøs.

NVE ser, jamfør innspelet, ikkje at oppretting av det marine verneområdet vil være i konflikt med kjente vasskraftressursar.

NVE gav Stad Wind AS konsesjon den 2. desember 2009 til eit testanlegg for flytande vindturbinar utanfor Drage, og Olje- og energidepartementet stadfesta vedtaket den 6. desember 2010 etter klage. NVE overførte seinare anleggskonsesjon frå Stad Wind AS til



Kvernevik Engineering AS. Konsesjonen opnar for ei produksjon av 34 GWh på tre lokalitetar i gamle Selje og Vågsøy kommunar, mellom anna utanfor Drage i Sildegapet. I konsesjonsvilkår nr 1. står det at *tillatelsen gjelder fra i dag og inntil 5 år fra det tidspunkt anlegget settes i drift, dog ikke utover 01.01.2025. Anlegget må være satt i drift innen 01.01.2020.* NVE har ikkje motteke MTA-plan (miljø,-transport og anleggsplan) som er eit vilkår før byggjestart, og anlegget vart ikkje sett i drift før fristen gjekk ut for meir enn to år sidan. NVE har ikkje registrert aktivitet i saka sidan 2016. Statsforvaltaren reknar med at dette anlegget ikkje vil bli bygd når fristen og føresetnadane for gjennomføring ikkje lenger er gyldig. Vi har likevel lagt inn i verneforskrifta ei dispensasjonsheimel etter søknad for legging av kablar, om mogeleg i korridorar (§ 5 c), i tråd med generelle verneregler for marine verneområde.

Det er i framlegget til verneforskrift ikkje lagt inn heimel til framtidige vindkraftanlegg, og det er ikkje komme innspel i verneprosessen på konkrete planar om vindkraft til havs.

Området er verna mot tiltak som kan skade verneverdiane som etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, utslepp av ureinsa ballastvatn, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøyring av vassmassar og oppankring. Forsøpling er forbode. Lista i verneforskrifta er heller ikkje uttømmande, det kan være ting vi ikkje klarar å komme på no, men som er aktuelt i framtida.

For enkelte typar tekniske tiltak, som til dømes oppføring av ny småbåthamn, må ein søkje dispensasjon frå vernereglane (vedlegg 2). Då vil forvalningsstyresmakta kunne vurdere om tiltaket påverkar verneføremålet eller ikkje.

Forvalningsstyresmakta kan etter søknad vurdere å gje løye til tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane inkl. vassutskifting og straumforhold nemneverdig.

Vi har ikkje klart å avdekkje kunnskap om eksisterande sjøleidningar, kablar eller andre planar om framtidige tekniske installasjonar i kandidatområdet utanom det som er spelt inn i oppstartsfasen eller det som er synleg på offisielle kartbasar som t.d. fylkesatlas. Høyingsperioden vil kunne avdekke om det er meir enn vi har fanga opp.

Massar, molo og mudring

Det er ikkje registrert regionale eller nasjonalt viktige mineralressursar i direkte tilknyting til det føreslegne verneområdet. Direktoratet for mineralforvaltning melder at det nært grensa er eit uttak i drift, men at dei ikkje har innvendingar til oppstartsmeldinga eller vernereglane.

Deponering av massar frå land og inn i det marine området vil være forbode etter verneforskrifta, og vi har ikkje avdekt om det går føre seg slik aktivitet i området i dag. Om



det blir tilført massar til sjøbotnen kan dette føre til nedslamming av botn og botnfauna over eit større område i fjordbassengen, noko som kan påverke leveområdet til mange marine artar. I sjøområde der det har blitt drevet vedlikehaldsmudring manglar vi likevel informasjon om kor masseoverskotet blir lagt. Vi vil gjerne ha innspel på dette i høyringa.


Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotn kring Stad. Nye inngrep eller aktivitetar som påverkar sjøbotn vil i utgangspunktet ikkje få lov dersom det påverkar verneføremålet nemneverdig. Dette gjeld til dømes uttak av massar, til dømes skjelsand, sand og grus. Verneforskrifta opnar opp for å vurdere dispensasjon til tilgrensande grunneigarar som søker om mindre uttak av sand til eige bruk. Dette vil likevel i dei fleste tilfelle være mest aktuelt på privat grunn utanfor vernegrensa.

I kandidatområdet er det fleire hamnar, bryggjer og moloar i bruk, med naust og båtstøer i tilgrensande område. Drift og vedlikehald er lov for eksisterande anlegg og innretningar, jamfør § 4 i forskrifta. Det er ingen veger eller bruar innanfor vernegrensa.

I innspelsfasen vart det teke opp behov for ein framtidig bølgjebrytar for å beskytte moloen der småbåthamna ligg i Ervik. Ein slik installasjon vil betre kunne beskytte hamna og nausta som ligg der, som då Dagmar kom og førte til store øydeleggingar. Det er teke inn ei formulering i forskrifta om bølgjedemparar og moloar i samband med småbåtanlegg, dette vil forvaltningsstyresmakta kunne vurdere når ein konkret søknad ligg føre og vilkåra for dispensasjon er til stades.

Det vart også teke opp i oppstarten av verneprosessen om det vil være mogeleg å mudre kring eksisterande moloar. Dette vil forvaltningsstyresmakta gjere ein konkret vurdering av når det ligg føre ein søknad om dispensasjon. Ifølgje forslaget til verneforskrift kan forvaltningsstyresmakta etter søknad gje løye til vedlikehaldsmudring, jf. § 5 g. Med vedlikehaldsmudring meiner vi å fjerne masser for å oppretthalde ei sjødjupne som det tidlegare er gitt løyve til. Dette inkluderer naudsnyt vedlikehaldsmudring av eksisterande hamner, farleier eller liknande. Utviding og utbetring av disse er ikkje vedlikehaldsmudring.

Inn mot indre hamn i Honningsvågen kan flyfoto og historiske foto indikere at det tidlegare har pågått mudring for å sikre tilkomsten for båtar. Sjøkart syner ei tydeleg lei frå Strandaflua (lanterne på stang markert med stjerne på kart) med djupne på mellom 6,4 og 4,9 inn mot hamna. Det blir tilført massar her frå havet når vind og vær står på, og for å sikre skipstrafikken til fiskerihamna blir det mudra med tidvise mellomrom. Omfanget av dette vedlikehaldet vil truleg være avgrensa, då eit altfor stort uttak av sand her vil føre til destabilisering av dei to moloane. Vi vil gjerne ha innspel i høyringa på vedlikehaldsmudringa (og tilhøyrande plassering av massane etter vedlikehaldet) i Honningsvågen og andre område, og vi vil kunne lage retningsliner for slik aktivitet i ein framtidig forvaltningsplan.



Figur 6 Sjøkart og flyfoto som syner den mudra farleia inn mot Honningsvågen. Det skraverte arealet markerer forslaget til avgrensing på eit framtidig marint verneområde. Kartutsnitt frå www.fylkesatlas.no

Vernegrensa er trekt utanom fiskerihamnene i Ervik, Honningsvåg og Eltvik. Sjå meir under avsnittet om Eksisterande bruk av hamner.

Røyrleidningar

Statsforvaltaren er ikkje kjend med at det er leidningar i området i dag, eller at det er konkrete planar om framtidige kablar eller leidningar. NVE spelte inn at det kan være naudsynt å føre fram røyrleidningar til testanlegget for flytande havwind utanfor Drage. Frist for igangsetjing av anlegget gjekk ut den 1. januar 2020, og det har ikkje vore registrert



aktivitet i saka sidan 2016. Vi reknar såleis med at dette ikkje lenger er relevant for kandidatområdet for marint vern. Forskrifta opnar likevel opp for å vurdere dispensasjon for legging av kablar og røyrleidningar, så langt som mogeleg samla i korridorar, dersom vilkåra for dispensasjon er til stades.

Utlegging av nye røyrleidningar og kablar i sjø bør ein ta sikte på å unngå. Forvaltningsstyresmakta vil vurdere røyrleidningar eller kablar som dispensasjonssaker når konkrete søknadar ligg føre, og vil i kunne vurdere den beste traseen slik at verknaden av det eventuelle tiltaket blir minst mogeleg på naturmangfaldet. Vurderingar kring slike korridorar, og kor det eventuelt trengs, kan ein komme tilbake til i arbeidet med ein framtidig forvaltningsplan.

Eksisterande bruk av hamnar

Det er omfattande skipstrafikk forbi Stad. Lasteskip så vel som cruisebåtar må forbi Stad på si ferd langs norskekysten. Om værmeldinga seier «full storm ved Stad» er det få som legg ut langs kystleden.



Figur 7 Fiskerihamner (blå er eiggd av Kystverket og turkise er avhenda frå Kystverket), farleier (raude stipla linjer er hovud-led, blå stipla linjer bi-led) og farleieareal (grønskravert) kring Stadlandet. Kartutsnitt frå www.fylkesatlas.no

Det er fleire fiskerihamner rundt Stadlandet. Fiskerihamnene Drage, Indre Fure, Ytre Fure/Kjøila og Hoddevik er, jamfør Kystverket sine data, avhenda. Dei er markert i turkis i



figur 7. Kystverket eig fiskerihamner i både Ervik, Honningsvåg og Eltvik, sjå blå markeringar i figur 5. Vi ser ingen store biologiske verdiar i dei aktive fiskerihamnene, og har i vernekartet trekt grensa for det marine verneområdet utanom disse hamnene. Hamna i Ervik er i tillegg nytta som småbåthamn. Det er spelt inn ønskje om å kunne utvide denne småbåthamna i framtida og å sikre småbåthamna med ein ny molo, men det er ikkje vist til konkrete planar om dette per i dag.

Kystleden er markert i figur 7 som raude og blå stipla linjer. Verneforskrifta set ingen restriksjonar på ferdsel.

Vi har, i høyringa av verneforskrifta, lagt inn eit generelt forbod mot utslepp av ureinsa ballastvatn. Dette knyt seg til faren for spreiing av framande artar, og forbodet er spesifisert til at ballastvatnet er ureinsa. Der ballastvatnet på førehand er handsama slik at potensielt skadelege organismar blir fjerna eller uskadeleggjort før ballastvatnet blir slept ut, vil det såleis være lov også i eit marint verneområde.


Bruk av ankringsplassar og Kystverket sitt arbeid i fiskehamnar kan fortsetje slik det har gjort tidlegare. Generelt vil det vere opning for at eksisterande anlegg og innretningar skal få naudsynt vedlikehald. Det er ikkje lagt opp til restriksjonar på drift av eksisterande anlegg og innretningar.

Taretråling

Det vert hausta stortare rundt Stad i store kvantum, og disse felta er viktige for tarenæringa. Verksemda Dupont (tidlegare FMC Biopolymer Dupont/Pronova/Protan) med samarbeidspartar har hausta stortare i over 50 år, mellom anna i Sogn og Fjordane. I sitt innspel til oppstartsmeldinga skriv verksemda (heretter omtalt som Dupont) at råvaresituasjonen er pressa og at verksemda har hatt fleire dagars produksjonsstans. Dette vert forårsaka i stor grad grunna nye *fredningsbestemmelser*, jamfør innspelet. Med verneframlegget frå oppstarten ville det, jamfør Dupont, føre til ytterlegare dagar med produksjonsstans. Fiskeridirektoratet går også i mot ei utviding av verneområdet som inneber at tarehausting blir forbode. Meir om dette i vedlegg 3.

Med framlegget til geografisk avgrensing i høyringskartet (figur 8) vil eit større areal til marint vern føre til ei ytterlegare innskrenking av mengde tare tilgjengeleg for hausting.

Statsforvaltaren foreslår forbod mot taretråling i det marine verneområde kring Stad vest for Stålet og i sør (Fureneset-Liset). Dette er område med viktige, nasjonale marine verneverdiar som skal kunne utvikle seg naturleg utan inngrep. Forbodet mot taretråling er også i tråd med Rådgivende utvalg for marin verneplan som anbefalte eit taretrålfrift referanseområde vest for Stålet.



Figur 8 Haustingsfelt for tare er markert i ulike farger. Det tette lilla skraverte området er framlegg til marin verneområde. Alt unntake området aust for Stålet (heilt i nord) vil bli tilgjengeleg for tarehausting dersom dagens framlegg til verneforskrift blir vedteke. Kartutsnitt fra www.fylkesatlas.no

Tareskogen er stor og mangfoldig og vil kunne utgjere eit viktig referanseområde for forsking på marine økosystem. Vi gjer framlegg om at taretråling skal vere tillate innanfor den delen av det marine verneområdet som ligg aust for Stålet, inn mot Møre og Romsdal fylke, i tråd med føringar i marin verneplan frå 2004. Dupont skriv i innspelet at dei set pris på at Statsforvaltaren tek omsyn til råvaresituasjonen ved å opne opp for tarehausting aust for Stålet.

Forskrifta opnar for å sanke tang og tare ned til lågaste flomål for rettshavarar eller til undervisning. I dei fleste tilfelle vil det uansett være lov, då vernegrensa går 2 meter djupare enn sjøkartnull.




Fiske

Det marine område rundt Stadlandet er eit svært viktig gyte- og oppvekstområde for fisk.

Både sei, rødspette, lyr, sild, torsk, hyse har registrerte gytefelt i dette kystområdet.

Det er i dag fiske med snurrevad i vikene på Stadlandet, og anna tradisjonell fiskeriaktivitet som krabbefiske, garn, teiner, line, med meir. Det er ikkje tråling av botnfisk i kandidatområdet i dag, så vidt vi har fanga opp i oppstartsperioden.

Jamfør kystnære fiskeridata på fylkesatlas er det to rekefelt registrert innanfor kandidatområdet. Både langs grensa til Møre og Romsdal og i Sildegapet er det reketråleområde. Det er stadvis store djupner og delvis krevjande topografiske botnforhold, noko som kan indikere at reketråling kanskje ikkje er veldig omfattande. Vi manglar kunnskap om omfanget av reketråling i kandidatområdet, og treng innspel i høyringa på dette temaet. Vi treng også innspel på kva konsekvensane av eit forbod mot reketråling innanfor vernegrensa i disse to felta vil føre til.



Figur 9 Det blåskraverte arealet syner kandidatområdet for marint vern. Lysebrune skraverte felt syner gyteområde for fisk og dei rosa områda er kartfesta reketrålingsfelt. Kartutsnitt frå www.fylkesatlas.no

Fiske med passive reiskap (snøre, teine, ruse, garn, line) går føre seg i dei grunnare områda langs Stadlandet. Slikt fiske vil vanlegvis ikkje ha negative konsekvensar for verneverdiane, og kan halde fram. Både Nordfjord fiskarlag og Sogn og Fjordane fiskarlag er positive til eit



framtidig verneområde fordi det er unntak for bruk av m.a. passive fiskereiskap, som er i hyppig bruk. Selje kommune understrekar at eit eventuelt verneområde ikkje må føre til forbod mot tradisjonelt fiskeri.

Fiske etter pelagiske artar med net og trål i dei frie vassmassane vert generelt vurdert til å ha liten effekt på verneverdiane. Fiske med aktive fiskereiskap som slepast og røyrer botn, vil kunne medføre skade på særleg sårbare førekommstar av korallar, og vil ikkje vere i tråd med verneforskrifta. Bruk av snurrevad påverkar ikkje sjøbotnen i stor grad og vil såleis vere tillate.

Det er populært for turistar å leige seg båt og fiske i sommarsesongen. Verneforskrifta seier at fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskelova er lov.

Tradisjonell låssetting av fisk vil også være lov i Stad marine verneområde på dei eksisterande lokalitetane. Det er registrerte lokalitetar for låssettingskasser både i Honningsvågen (utanfor verneområdet) og i utkanten av Hoddevika (innanfor verneområdet). Dei blir brukt til trygg oppbevaring for både sei, sild og makrell etter fangst rundt Svinøya som ligg 16 km lengre ut i havgapet. Vi legg til grunn at mellomlagring av mindre mengder villfanga fisk i korte periodar ikkje vil ha nemneverdig påverknad på sjøbotnen eller i vassmiljøet. Vassutskiftinga kring Stad er stor.

Miljødirektoratet kan av omsyn til korallførekommstar ved forskrift regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet (sjå § 3 Generelle unntak frå vernereglane).

Akvakultur og andre konsesjonspliktige tiltak

Vi har ikkje registrert akvakulturlokalitetar innanfor kandidatområdet for marint vern på Stad. Selje kommune spelte inn at det aust for Stålet bør opnast for etablering av akvakulturanlegg etter søknad innanfor eit eventuelt marint verneområde. På bakgrunn av sluttbehandlinga i Klima- og miljødepartementet av ni nye marine verneområde i juni 2009, foreslår vi ein spesifisert dispensasjonsregel om akvakultur som også gjeld området vest for Stålet. Det blir då stilt krav om at slik næring ikkje skal gje andre økologiske effektar enn lokal næringstilførsle rett under merdane, samt at miljørettsprinsippa i naturmangfoldlova er vurdert grundig.

Akvakulturomgrepet omfattar meir enn fiskeoppdrett og skjeldyrking/-oppdrett, til dømes omfattar det også tang- og taredyrking. Det omfattar og "fangstbasert akvakultur" (levandelagring av villfanga fisk i over 12 veker med føring).

Etter søknad kan forvalningsstyresmakta vurdere dispensasjon frå verneforskrifta til levandelagring av villfanga fisk i inntil 12 veker. Om ein lagrar villfanga fisk meir enn 12 veker blir det vurdert som akvakultur.


Det er ønskjeleg å halde området mest mogleg upåverka av havbeite, og vi har ikkje registrert at det er aktivitet knytt til havbeite per dags dato eller planar om det i nær



framtid. I verneforskrifta heiter det at *Dyrelivet i sjø og knytt til sjøbotnen er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode.* Planting av vegetasjon er heller ikkje lov.

Kulturminne

Stad er eitt av dei mest eksponerte kystområda på farleia mellom nord og sør, og alle forliste skip på sjøbotnen utanfor land vitnar om denne kampen mot storm og uvêr som kan komme brått på. Bergen sjøfartsmuseum er positive til opprettinga av eit marint verneområde og meiner det kan være gunstig for natur- og kulturmiljøet. Det er ei rekke kulturminne innanfor kandidatområdet, og det kan være fleir som ikkje er oppdaga (figur 10). Det er to registrerte vrak i Sildegapet og, men disse ligg utanfor den føreslegne vernegrensa. Etter forskrifta § 5 h kan ein få dispensasjon til istandsetjing, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne.



Figur 10 Registrerte kulturminne i kandidatområdet for marint vern. Det kan være ytterlegare fleire skipsvrak som ikkje er oppdaga enno. Kartutsnitt frå www.fylkesatlas.no



Konsekvensar for næringsverksemد

Restriksjonsnivået avgjer om pågående næringsverksemd får ulemper av vernet, og vi forventar at problema blir små med unntak for taretråling. For taretråling inneber det marine vernet at området vest for Stålet heilt ned til sør for Stad ikkje vil vere tilgjengeleg for slik næringsaktivitet. FMC Biopolymer Dupont har gjort det klart at området er viktig for selskapet. Samstundes er taretråling konfliktfylt lokalt. Vi vil vurdere verknaden som eit forbod mot aktive fiskereiskap vil eventuelt kunne få for næring knytt til reketråling når vi har fått meir kunnskap om omfanget, og eventuelle konsekvensar, i høyringa.

Konfliktane knytt til moglege negative effektar for framtidig næringsverksemد er elles truleg ikkje store. Statsforvaltaren har erfaring med at vern kan føre til mange positive ringverknadar, både for sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping lokalt. Vi veit likevel ikkje kva ressursar som vil vere etterspurt i framtida, og heller ikkje kva driftsteknikkar som vil vere tilgjengelege. Stad vil uansett alltid vere eit særleg værhardt område og med sårbar natur som må takast omsyn til, uavhengig av om området er verna eller ei.

Generelt om verknadar av vernet

Ved etablering av nye verneområde i dag er det vanleg at pågåande, lovlege aktivitetar kan fortsette, også etter vedtak i statsråd. Eit vern har til hensikt å ta vare på området og unngå store inngrep som utfylling, boring eller nye, tekniske installasjonar. For enkelte aktivitetar vil marint vern innebere restriksjonar slik at naturverdiane får auka beskyttelse.

For dei fleste som nytter Stad i dag vil vernet få lita eller ingen verknad. Det marine vernet vil ikkje medføre ferdselsrestriksjonar. Normal friluftsaktivitet vil ikkje være i strid med verneføremålet, der fritidsfiske, ferdsle med båt, surfing og dykking vil kunne fortsetje uavhengig av eit vern eller ikkje. Sanking av tang og tare ned til lågaste flomål for rettshavarar eller til undervisning vil være lov, mens kommersiell hausting som taretråling vest for Stålet eller skjellskraping kan påverke verneverdiane i vesentleg grad og vil ikkje vere lov.

Vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar til dømes, bryggjer og moloar vil være lov. Tiltak ut over vanleg vedlikehald vil i utgangspunktet ikkje være lov. Det er i forskrifta § 5 teke inn ei rekke heimlar for å søkje om dispensasjon. Gjennom handsaming av ein søknad vil verneområdeforvaltinga sikre at miljøomsyn vert lagt til grunn i vurderinga av om løyve vil bli gitt. Til dømes kan det bli sett vilkår om tidspunkt på året for gjennomføring, eller samling av enkeltsøknadar, dersom dette kan ta meir omsyn til biologisk mangfald og samla belasting. Vilkår knytt til eksempelvis kanalisering av kablar og leidningar til traséar utanom viktige naturførekommstar kan også bli sett.

Verneforskrifta legg ikkje opp til regulering av fisket slik det går føre seg i dag, sidan dette allereie er regulert gjennom havressurslova og lakse- og innlandsfisklova. Reiskap som påverkar botn vil likevel bli forbode av omsyn til mellom anna korallførekommstar. Om vern vil medføre konsekvensar for eventuell framtidig akvakultur, vil avhenge av konkrete vurderingar av om slik aktivitet er i tråd med verneføremålet.



Verneforskrifta vil gjelde parallelt med anna regelverk, og ein søknad vil ofte måtte handsama etter fleire lovverk. Dersom det er motstrid mellom fleire regelverk vil verneforskrifta alltid gå føre anna lovverk. Søknadar vil som hovudregel først bli handsama etter verneforskrifta.

Vi legg opp til utarbeiding av forvaltningsplan med definerte bevaringsmål som grunnlag for å overvake tilstanden i Stad marine verneområde. Ein forvaltningsplan vil også utdjupe verneforskrifta og gi retningslinjer for brukarinteressene.

Vern er i hovudsak eit verkemiddel for å verne natur mot menneskeleg påverknad, men mange verneområde inngår også som eit positivt element i lokal identitetsskaping og marknadsføring av lokal næring. Dette vil være av dei varige, positive verknadane av oppretting av eit marint vern på Stad. Vi erfarer at lokalbefolkinga har eit nært og sterkt forhold til naturen både over og under havoverflata, og at vindkraftutbygginga på Stadlandet har skapt diskusjonar både lokalt og nasjonalt. Innspela frå lokalt hold til verneplanen, der det nærmast er eit samråystes krav om å *utvide* det marine verneområdet som låg til grunn i oppstartsmeldinga, slik at tareskogane får utvikle seg naturleg og utan inngrep, vil Statsforvaltaren framheve som unikt i vernesamanheng.

Dei negative verknadane av eit marint verneområde vil taretrålenæringa få kjenne, med færre tareskogar å hauste. Dette vil bli varige verknadar, og taretrålingsnæringa meiner at det vil gå hardare utover andre tarehaustingsområde for å unngå stor reduksjon i omsetninga. Næringa seier på den andre sida at det ikkje er kjent store økologiske effektar av tarehausting.

Statsforvaltaren meiner så langt i prosessen at dei positive sidene av eit marint vern rundt Stad vil vege tyngre for natur og samfunn enn dei negative sidene, men vil gjere ei grundig vurdering av alle innspela vi får i høyringa før vi tilrår saka vidare.

Møte og synfaringar

Fylkesmannen heldt følgjande møte og synfaringar i samband med oppstarten av verneplanarbeidet kring Stad:

- 06.12.2017 – Møte med Selje kommune.
- 04.06.2019 – Møte med Selje kommune og Fiskeridirektoratet.
- 11.09.2019 – Synfaring med Selje kommune, grunneigarar, Fiskeridirektoratet, Dupont, fiskeriorganisasjonar m.fl. i området Fure – Drage på sørsida av Stadlandet.

Statsforvaltaren har hatt følgjande møte med kommunane i forkant av at verneframleggget vert sendt på høyring:

- 03.06.2021 – Møte med Stad kommune
- 14.09.2021 – Møte med Kinn kommune
- 18.10.2021 – [Møte med planutvalet i Kinn kommune](#)



For oppsummering av møte og synfaringar, sjå vedlegg 4. Både innspel, møte og synfaringar ligg som viktig grunnlag for høyringsdokumentet. I ettertid av møte og synfaringar er det gjort ytterlegare vurderingar og presiseringar, med ei konkretisering som har resultert i framlegget til verneregler.



Figur 11 Synfaring med Selje kommune, grunneigarar, Fiskeridirektorat, Dupont, fiskeriorganisasjonar med fleire i området Fure - Drage på sørsla av Stadlandet den 11. november 2019. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/Tom Dybwad.

Oppsummering

Statsforvaltaren har teke omsyn til innspela til oppstartmeldinga så langt det har late seg gjere, utan at det går ut over verneformål og retningslinjer for marint vern i Noreg.

Vi har på bakgrunn av fråsegn frå Selje, seinare Stad, kommune og sterke ønskje lokalt valt å utvide det marine verneframlegget etter oppstartmeldinga. Det inneber at havområdet frå Ytre Fure til og med Liset på sørsla av Stadhalvøya med delar av Sildegapet også med Kinn kommune sitt sjøareal er blitt med i framlegget (vedlegg 1), og med det er samla areal 166,7 km². Vi er klar over at utvidinga på sørsla av Stad er konfliktfylt i høve til taretrålingsinteressene, og difor foreslår vi ei opning for hausting av stortare aust for Stålet, jamfør framlegget til verneforskrift. Både på sørsla av Stad og på nordsida aust for Stålet er det stortareområde av svært stor verdi. Stortare og dei store, samanhengande områda med dette viktige økosystemet er noko av det verneføremålet vil ivareta. Ei differensiering av det marine verneområdet er vårt framlegg for å løyse denne utfordringa. Vi ser det som verdfullt at ein med ei slik løysing får eit godt grunnlag for over tid å sjå og vurdere verknaden som taretråling har på stortareskog, samanlikna med naturleg tareskog utan hausting. Djupner ned til 300 meter i Sildegapet med raudlista korallar vil etter forslaget bli verna mot fiskereiskap som slepast



og rører botn, jf. nye formuleringar i forskrifta. Det har vore lite tråling av botnfisk i området tidlegare, og med eit ekstra vern av korallførekomstane vil heller ikkje dagens utøving av fiskeriaktiviteten bli særleg råka.

Selje kommune spelte inn ønskje om opning for etablering av akvakulturanlegg aust for Stålet og ned mot Tungevåg. Under slutthandsaminga av dei ni marine verneområda som vart oppretta i juni 2020 viste Klima- og miljødepartementet til at akvakultur i framtida ikkje nødvendigvis alltid er i strid med verneføremålet for slike område. I tråd med dette har vi lagt inn formuleringa «akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet» i § 5 k. Vi har også justert grensene rundt moloar og hamnar, slik at normal aktivitet slike plassar kan pågå uavhengig av eit marint vern.

Avgrensing av områda og privat eigedom

Avgrensinga inn mot kysten varierer avhengig av om kystlinja allereie er verna eller ikkje. Der det er eksisterande naturreservat som går ut eller ned til sjøen, føreslår vi å trekke grensa slik at tidevassona blir inkludert, og slik at vernet vert samanhengande. Elles føreslår vi at grensa blir trekt utanfor privat grunn på 2 meters djup frå middels låg vasstand. Hovudregelen er at eigarar av grunn ned til strandlinja har eigedomsrett ut i sjøen til marbakken eller – viss marbakke ikkje kan påvisast – til to meters under sjøkartnull. Sjøkartnull er null-nivået for djupner i sjøkart, og blir målt frå middels låg vasstand.

Strandeigarar kan, i enkelte tilfelle, også ha visse rettar til å utnytte sjøarealet utanfor eigedomsgrensa. Vi har ikkje sendt særskilt brev til alle eigedomar som grensar til kandidatområdet. Unntaket er der kandidatområdet for marint vern møter Dekkjene og Høgfjellet naturreservat, der grunneigarane får brevet om høyringa tilsendt. Statsforvaltaren vil gjerne delta på synfaring saman med grunneigar og kommunen når det er ønskje om det.

Erstatning

Etter § 50 i naturmangfaldlova har eigar eller rettshavar i område som vert verna som naturreservat rett til erstatning for økonomiske tap når vernet gjer noverande bruk vanskeleg. Sidan marint vern i hovudsak vil gjelde utanfor privat grunn vil dette truleg gjelde få grunneigarar. Naturmangfaldslova § 50 om erstatning lyder som følgjer:

§ 50 (erstatning til eiere og rettighetshavere i verneområder)

En eier eller rettighetshaver i eiendom som helt eller delvis blir vernet som nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat, biotopvernområde eller marint verneområde, har rett til erstatning fra staten for økonomisk tap når et vern medfører en vanskeliggjøring av igangværende bruk. For bruk som trenger tillatelse fra offentlig myndighet, gjelder retten til erstatning bare hvis tillatelse er gitt før det er foretatt kunngjøring etter § 42.

Når vilkårene etter første ledd er oppfylt, fastsettes erstatningen for tap i igangværende bruk i samsvar med utmålingsreglene i [lov 6. april 1984 nr. 17](#) om vederlag ved oreigning av fast



eigedom (ekspropriasjonerstatningslova). Ved anvendelsen av nevnte lov [§ 10](#) er det tidspunktet for vernevedtaket som skal legges til grunn.

Kongen fastsetter ved forskrift hva som regnes som igangværende bruk for virksomhet i henhold til

- a. utvinningstillatelse etter [lov 29. november 1996 nr. 72](#) om petroleumsvirksomhet (petroleumsloven),
- b. utmål etter [lov 30. juni 1972 nr. 70](#) om bergverk (bergverksloven),
- c. [mineralloven](#).

Namn

Namn på verneområdet er ein del av verneplanprosessen med høve til å kome med innspel og framlegg. Det mest aktuelle namnet er etter vårt syn «*Stad marine verneområde*». Statens namnekonsulent kan ha tungtvegande merknader om namnet.

Forvaltningsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for verneområde. Vanlegvis vil marine verneområde som strekk seg over fleire kommunegrenser bli tillagt Statsforvaltaren som forvaltningsstyresmakt. Kommunane kan komme med innspel på forvaltningsregime under høyringa.

Vidare saksgang og prosess

Etter høyringa vil Statsforvaltaren vurdere alle innkomme innspel og på bakgrunn av dette utarbeide ei tilråding for vern som vi sender til Miljødirektoratet. Deretter sender Miljødirektoratet si tilråding til Klima- og miljødepartementet, som kan fremje vedtak om oppretting av verneområdet for Kongen i statsråd. Eit eventuelt vernevedtak vil vere ein kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

Vidare saksgang og prosess

Etter høyringa vil Statsforvaltaren vurdere alle innkomme innspel og på bakgrunn av dette utarbeide ei tilråding for vern som vi sender til Miljødirektoratet. Deretter sender Miljødirektoratet si tilråding til Klima- og miljødepartementet, som kan fremje vedtak om oppretting av verneområdet for Kongen i statsråd. Eit eventuelt vernevedtak vil vere ein kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

Dersom vedtak om vern vert ein realitet, skal Statsforvaltaren i ettertid utarbeide forvaltingsplan. Forvaltingsplanen skal vere ei rettesnor for forvaltinga innanfor rammene av verneforskrifta. Det vil bli eigne høyringsprosessar for forvaltingsplanen.

Høyringsbrevet og tilhøyrande dokument vert sendt til aktuelle grunneigarar, offentlege instansar, foreiningar og interesseorganisasjonar. Høyringa vert også kunngjort i lokale avisar og på vår heimeside. Vi tek atterhald om at det kan være feil i adresselistene, og ber om innspel om manglar.



Meir informasjon om arbeidet finn de på heimesida til [Statsforvaltaren i Vestland](#), under Miljø og klima.

Vi er opne for å orientere om saka i Stad og Kinn kommunar. Vi ser det som aktuelt i tillegg til å halde opne informasjonsmøte i løpet av høyringa av framlegget, dersom det er praktisk mogeleg.

Innspel

Alle involverte partar blir oppmoda til å ta del i høyringa. Fråsegn kan du sende til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger eller til sfvpost@statsforvalteren.no. Merk saka med «Høyring av Stad marine verneområde». Sakshandsamarar er seniorrådgjevar Maria Knagenhjelm (e-post fmsfmck@statsforvalteren.no).

Vi gjer merksam på at Statsforvaltaren har ein offentleg postjournal og alle fråsegner blir registrerte her. Om ein har gitt innspel til oppstartsmeldinga og ikkje har meir å tilføre no når saka er ute til høyring, treng ein ikkje skrive ny uttale. Vi tek med oss alle innspel til oppstartsmeldinga vidare i prosessen, der dei vil bli handterte som høyringsfråsegn med mindre vi har fått ny uttale frå dykk.

Høyringsfristen for å kome med fråsegn til verneframlegget er sett til **15. april 2022**.

Ved spørsmål, ta gjerne kontakt.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Vedlegg 1 a, Høyringskart Stad marine verneområde, oversiktskart
- 2 Vedlegg 1 b, Høyringskart Stad marine verneområde, detaljkart
- 3 Vedlegg 2 Forslag til verneforskrift Stad marine verneområde
- 4 Vedlegg 3 Innkomne merknadar med kommentarar
- 5 Vedlegg 4 Møtereferat frå verneprosessen

**Mottakerliste:**

Roger Halsbakk	Blindheimsneset 19	6020	Ålesund
Chinoros Aarvik	Årvikvegen 267	6750	Stadlandet
Per Wilhelm Aarvik	Lyngvegen 71	3930	Porsgrunn
ARTSDATABANKEN	PB 1058	7446	TRONDHEIM
MILJØSTIFTELSEN BELLONA	Rådhusgata 28	0151	OSLO
May Britt Ervik	Ervikbygdvegen 295	6750	STADLANDET
KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE	Brendøya	6900	FLORØ
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
NORGES IDRETTSFORBUND OG OLYPISKE OG PARALYMPISKE KOMITE	Postboks 5000	0840	OSLO
FRAMTIDEN I VÅRE HENDER	Økernveien 94	0579	OSLO
KALVÅG KYSTLAG	Postboks 23	6729	KALVÅG
NEMO CLASSIC DIVING AS	Postboks 141 Ytre Laksevåg	5848	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
MØRE OG ROMSDAL FISKARLAG	Postboks 936	6001	ÅLESUND
KONGELIG NORSK BÅTFORBUND	Frydenbergveien 46B	0575	OSLO
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Anders Odd Berstad	Holevegen 78	6783	Stryn
Rosita Ervik	C/O Tanja Ervik Blomli, Fridtjof Nansens Veg 13 B	6007	Ålesund
Sonja Merethe Øvre-Flo	Postboks 22	6781	Stryn
Karina Aarvik	Årvikvegen 248	6750	Stadlandet
FISKEBÅT	Røysegata 15	6003	ÅLESUND
HODDEVIK VELFORENING	Hoddevik	6750	STADLANDET
MÅLØY SEILFORENING	Gate 7 9	6700	MÅLØY
BERGEN OG OMLAND	Byrådsavdeling - BFNE 4. etasje Allehelgens gate 5	5016	BERGEN
HAVNEVESEN			
IMC DIVING AS	Postboks 61 Måseskjæret	5841	BERGEN
VISIT NORDFJORD AS	Perhusvegen 24	6783	STRYN
YTRE STADT BYGDELAG	Ervik	6750	STADLANDET



Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Ruben Dalsbø	Ervikbygdvegen 270	6750	STADLANDET
Jon Borge Frogner	Ervikbygdvegen 270	6750	STADLANDET
Randi Stave Dalsbø	Vestkappvegen 3059	6750	STADLANDET
Eldrid Ervik	Slåttebakken 84	6814	Førde
ERVIK JAKT- OG FISKELAG	v/ Svein Per Ervik Ervik	6750	STADLANDET
FJORDFISKERNES FORENING	Pollen	9531	KVALFJORD
NORGES FISKARLAG	Postboks 1233 Torgarden	7462	TRONDHEIM
1438 NORGES HANDICAPFORBUND AVD. BREMANGER		6727	BREMANGER
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
SOGN OG FJORDANE GRUNNEIGAR OG SJØLAKSEFISKARLAG	c/o Inge-Kristian Husevåg Oldeide	6727	BREMANGER
NORSK BOTANISK FORENING	c/o Naturhistorisk museum Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Møre og Romsdal fylkeskommune	Julsundvegen 9	6404	MOLDE
Kjell Magne Ervik	Ervikbygdvegen 202	6750	Stadlandet
Olav Knut Gloppestad	Ervikbygdvegen 311	6750	Stadlandet
AKVAPLAN-NIVA AS	Framcenteret Postboks 6606 Stakkevollan	9296	TROMSØ
NORGES PADLEFORBUND	c/o Norges Idrettsforbund	0840	OSLO
SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Marit Randi Milde Agedalsvegen 639	6811	FØRDE
Anfinn Åvar Ervik	Ervikbygdvegen 212	6750	STADLANDET
NTL/SIVILFORSVARET SØR- ØST NORGE	c/o Eli Kristin Madsen Grønligata 19D	3188	HORTEN



RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
FLORØ FROSKEMANNSKLUBB	Postboks 422	6901	FLORØ
KONGELIG NORSK SEILFORENING	Huk aveny 1	0287	OSLO
NÆRINGSLIVETS HOVEDORGANISASJON NHO VESTLANDET FLORØ	POSTBOKS 217	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
BKK AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
NOFIMA AS AVD BERGEN	Postboks 1425 Oasen	5844	BERGEN
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Olav Ervik	Blaauws Vei 11	5022	BERGEN
Jeanette Mariana Bäckström Natvig	Ervikbygdvegen 258	6750	STADLANDET
Vegard Dalsbø	Årvikvegen 226	6750	STADLANDET
KVERNEVIK ENGINEERING AS	Postboks 254	6821	SANDANE
Anne Grete Ervik	Ervikbygdvegen 234	6750	STADLANDET
FJELLMØY AS	Honningsvågvegen 358	6750	STADLANDET
NORDFJORD FISKARLAG	Ytre Kulen	6718	DEKNEPOLLEN
SOGN OG FJORDANE RØDE KORS	Langebruvegen 28	6800	FØRDE
OLJEDIREKTORATET	Postboks 600	4003	STAVANGER
SØR-NORGES NOTFISKARLAG	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
FORSVARET	Postboks 800, Postmottak	2617	LILLEHAMMER



HONNINGSVÅG GRENDALAG	Honningsvåg	6750	STADLANDET
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
KYSTKULTURLAGET I VÅGSØY	c/o Kjell Magne Kvalheim Øvrevegen 185	6710	RAUDEBERG
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
NORCONSULT AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA
Lindis Beate Aarvik Sande	Vestkappvegen 1807	6750	Stadlandet
Jon Åge Halsbakke	Slinningsodden 48	6006	Ålesund
Hilde J Vik Gloppestad	Ervikbygdvegen 311	6750	Stadlandet
Per-Arne Aarvik	Årvikvegen 265	6750	STADLANDET
FISKERI- OG HAVBRUKNÆRINGENS FORSKNINGSFINANSIERING AS	Stenersgata 2A	0184	OSLO
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Taretrålfiskernes forening			
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Jonas Anders Larsson	Ervikbygdvegen 267, 6750 Stadlandet, Ervikbygdvegen 265	6750	STADLANDET
Olav Ragnvald Ervik	Skorbøstranda 121	6740	SELJE
Magnus Kristoffer Fure	Fløde 3	6750	STADLANDET
Dagfred Per Berstad	Ervikbygdvegen 275	6750	Stadlandet
Berit Anita Rogne	Eliasgarden 4	6060	Hareid
NORGES SEILFORBUND	Ullevål Stadion	0840	OSLO
NORDFJORDBÅTLAGET	Nordfjordbåtlaget Kystlag c/o Lars-Bjarte Osland Hyevegen 439	6828	HESTENESØYRA



NORGES LUFTSPORTFORBUND	Møllergata 39	0179	OSLO
NORSK ORGANISASJON FOR TERRENGSYKLING	c/o Are Sørensen Engelsrudstranda 49	1385	ASKER
SOGN OG FJORDANE SKJELDYRKARLAG	Postboks 207	6852	SOGNDAL
DUPONT NUTRITION NORGE AS AVD VORMEDAL	Postboks 2045	5504	HAUGESUND
FORBUNDET KYSTEN	Øvre Slottsgate 2B	0157	OSLO
KINN KYSTLAG	Tuegata 5	6900	FLORØ
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
GREENPEACE-NORGE	Postboks 33 Torshov	0412	OSLO
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Finn Per Solheim	Årvikvegen 248	6750	Stadlandet
Magne Ole Årvik	Årvikvegen 178	6750	Stadlandet
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Arna Sissel Hoddevik	Slåttebakken 11	6814	Førde
Svein Per Ervik	Ervikbygdvegen 248	6750	Stadlandet
Ann-Cathrin Lekanger Nygård	Hopeigna 7	6750	STADLANDET
Magnar-Per Barmen	Ervikbygdvegen 355	6750	Stadlandet
Åge Jon Ervik	Ervikbygdvegen 295	6750	Stadlandet
Roger Nygård	Hopeigna 7	6750	STADLANDET
OPPLYSNINGSVESENETS FOND	Postboks 535 Sentrum	0105	OSLO
STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM	Postboks 7800	5020	BERGEN
Sigmund Rønning	Årvikvegen 164	6750	STADLANDET
Marit Petra Alfhild Helset	Mylnevegen 11	6100	VOLDA
Geir Ole Ervik	Ervikbygdvegen 234	6750	Stadlandet
Helle Thomassen Frogner	Ervikbygdvegen 270	6750	Stadlandet
Salvatore Ligia	Ervikbygdvegen 307	6750	Stadlandet



SOGN & FJORDANE	Postboks 173	6701	MÅLØY
FISKARLAG			
FORTIDSMINNEFORENINGA	Øyragata 11	6887	LÆRDAL
SOGN OG FJORDANE AVD.			
NORGES	Postboks 5000	0840	OSLO
ORIENTERINGSFORBUND			
STIFTINGA	Postboks 163	6851	SOGNDAL
VESTLANDSFORSKING			
SOGN OG FJORDANE TURLAG	Storgata 1	6993	HØYANGER
SJØFARTSDIREKTORATET	Postboks 2222	5509	HAUGESUND
RÅDGIVENDE BIOLOGER AS	Edvard Griegs vei 3	5059	BERGEN
NORSKE SJØMATBEDRIFTERS	Postboks 639	7406	TRONDHEIM
LANDSFORENING			
FLORØ SEILFORENING	Postboks 339	6901	FLORØ
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Fiskeri- og	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Havbruksnæringens			
Landsforening			
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Sør-Norges trålerlag			
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Universitetet i Tromsø -	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
Norges arktiske universitet			
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
VANYLVEN KOMMUNE	RÅDHUSET	6143	FISKÅ
Tanja Ervik-Bломли	Fridtjof Nansens Veg 13 B	6007	ÅLESUND
Lyder Bäckström Natvig	Ervikbygdvegen 258	6750	Stadlandet